


SKJERMEN VISER:	I TIMEN:
	Temaet denne månaden handlar om tenåringer i familien og vi startar med å sjå denne musikkvideoen om ein som helst vil vere stor og sjølvstendig, men mora behandlar han framleis som eit barn: MattyBRaps - Life Is Unfair - YouTube .
	Del ut arket om kva tenåringer ofte ønskjar å få lov til, og la elevane jobbe i grupper og kome med motargument eller finne ut om foreldre eigentleg har rett. Ta gjerne ei oppsummering i plenum før de går vidare.
Sosiale ferdigheter man trenger når man bor sammen med andre: 1. Perspektivtaking 2. Tydelig og trygg kommunikasjon 3. Regulere sterke følelser 4. Være fleksibel og kunne kompromisere 5. Konfliktløsning 6. Reparasjon av relasjon 7. Sette pris på hverandre 3:13	Sjå filmen Hvordan fungere godt sammen med de man bor med?
Elevane jobbar saman i grupper på 3-5. Kvar gruppe får utdelt dei to arka til spelet Saman i same hus, og klipper ut ferdigheitskorta og situasjonskorta. Vis vedlegga på skjermen først og gå igjennom kva dei skal gjere. Elevane skal trekke ein situasjon og sjå kor mange av dei ulike ferdigheitskorta som kan vere aktuelle i denne situasjonen. Her kan du velje å gjere det på ulike måtar: • Elevane kan snakke om korleis ferdigheitene er relevant • Elevane kan snakke seg igjennom korleis dei kunne brukt ferdigheiten • Elevane kan rollespele bruk av ferdigheiten • Du kan gi dei moglegheit til å velje sjølv, og dei kan eventuelt få poeng for kvar kombinasjon dei får til, og 1, 2 eller 3 poeng ettersom om dei berre snakkar om, snakker igjennom eller rollespeler det – dersom det er hjelpesamt med konkurranse for å få elevane i gang. Gå gjerne igjennom noko av det saman til slutt.	
	Gjer gjerne litt frosketid saman: Puste i dyrestillinger - YouTube
	Dersom de vil kan de jobbe litt med dei forandringane som skjer i puberteten i løpet av denne månaden. I så fall kan det vere fint å sjå denne filmen sjølv om den er på australsk. Dersom de skal sjå den så bør du forklare først kva den handlar om slik at dei som ikkje forstår engelsk så godt har eit betre utgangspunkt. Poenget med å vise filmen er at det er veldig mange ting som skjer med tenåringer i løpet av puberteten, og dette påverkar også korleis ein har det i familien.
	Etter filmen: • La elevane sjå på bildet og snakke med kvarandre i mindre grupper om kva forandringar som skjer i puberteten på desse ulike områda. • Snakk gjerne litt saman i klassa også, og prøv å få fram nokre av poenga frå filmen.

Familieferdigheiter ▼ Øv på viktige ferdigheiter i ungdomsfamilien	Øve på gode familieferdigheiter: Desse brosjyrene er eit supplement til eller eit alternativ til spelet «Saman i same hus» som ligg etter filmen om å fungere saman med dei ein bur saman med. Dersom de har tid og lyst å jobbe vidare kan de bruke desse. Elevane jobbar i grupper på 2 eller 3 (ikkje 4, då er de heller 2). Dei vel ein eller fleire brosjyrar/familieferdigheiter dei vil trene på, og så les de instruksjonane saman, og bytar på å vere forelder og ungdom i rollespel. Eventuelt kan du som lærar velje ut ein og ein ferdigheit elevane skal trene på, og de kan lese den saman, og gjere eit rollespel saman, før elevane fortset å øve to og to.
Familie og følelsar  Sjå eventuelt denne lenka til filmen som er utan musikk, og er bestemt på nynorsk!	Sjå eventuelt filmen Familie og følelsar - YouTube eller bruk lenka som ligg under filmen for å sjå den utan musikk. Snakk saman om korleis familien endrar seg fordi tenåringen endrar seg.
Jobbe vidare?	• Sjå filmen Lams - YouTube Og tren vidare på familieferdigheiter ein annan time. • Kan moren din stoppe deg fra å stjele? - YouTube Denne handlar om verdiar. Snakk gjerne saman i klassa om verdiar og korleis familien er med å forme verdiane våre, og dermed pregar handlingane våre. • Musikkvideo - Ditt eget svev - TEMAUKE: RELIGION - YouTube Jobb gjerne med dette i KRLE, om det å kunne ta eigne val og å ha den trua ein vil, uavhengig av trusretning foreldre og familie har.